

Årsmøtesak 5/2021

Valg av styre

Dato:	24. juni 2021
Ansvarlig:	Valgkomiteen til Utviklingsfondets styre
Forberedt av:	Hildegun Gjengedal – valgkomiteens leder
Sakstype:	Beslutning

Forslag til vedtak:

Årsmøtet vedtar valgkomiteens innstilling til nytt styre i Utviklingsfondet

Innstilling frå valkomiteen i Utviklingsfondet til årsmøtet 2021

Valkomiteen i Utviklingsfondet i perioden frå årsmøtet 2020 vore Vegard Bye, Steffen Kaldbekken og Hildegunn Gjengedal.

Samansetting av styret siste året har vore slik (valperioden er to år med maksimum tre periodar):

Medlem	Innvald år	Status
Arne Bardalen (leiar)	2015	På val Kan ikkje gjenveljast som styreleiar
Idunn Myklebust (nestleiar)	2018	Ikkje på valg
Christian Bull	2015	På val
Kjersti Aass	2019	På val
Stein Bie	2020	Ikkje på valg
<i>Siri O. Kvalø</i>	vald av tilsette	Tilsettere representant
<i>Julie Rødje</i>	vald av Spire	Spire representant
Varamedlem:		
Lars Fredrik Stuve	2019	På val
Evely G. Hoen	2020	Ikkje på valg
<i>vara tilsette Siv H. Strømland</i>	Vald av tilsette	Tilsette representant
<i>vara Spire</i>	Vald av Spire	Spire representant

Som vi ser av tabellen er følgjande styremedlemmer var på val i år (valkomiteen er ikkje ansvarleg for val av tillitsvald og Spire-representant):

1. Styreleiar Arne Bardalen
2. Styremedlem Christian Bull
3. Styremedlem Kjersti Aass
4. Varamedlem Lars Fredrik Stuve

Valkomiteen starta sitt arbeid i mars. Det har vore gjennomført ei rekke møte og samtaler med dagleg leiar, styreleiar, tillitsvaldrepresentant i styret og fleire styremedlemmer og styremedlemmer på val. Årets arbeid har vore spesielt krevjande sidan vi måtte finne ny styreleiar. Arne Bardalen har sitte ut sin periode og måtte erstattast. Vi har fått mange gode innspel på kandidatar og gjennomført fleire intervju.

Med dette som bakgrunn ynskjer vi å innstille **Dag Hareide som ny styreleiar** i Utviklingsfondet.

Dag Hareide har brei erfaring innan saksfeltet klima/miljø og utvikling. Han var i 1990-1995 generalsekretær for Naturvernforbundet, og har vore både styreleiar og dagleg leiar i Regnskogsfondet. Hareide tok initiativ til å starte Namibia-foreningen og har mellom anna jobba fire år for UNDP i Etiopia og koordinert arbeidet med ein nasjonal beredskapsplan mot hungersnød. Han har skrivne magistergrad/dr.grad om sårbarheit mot hungersnød og vore generalsekretær i Kirkens Bymisjon. Hareide har teke jordbruksskule og studert bonderørsler i Latin-Amerika. No er Dag Hareide pensjonist og har nettopp gitt ut boka Mennesket og teknomaktene.

Styremedlem Christian Bull har til saman vore i styret i 3 periodar (2 periodar som vara og ein periode som fullverdig styremedlem). Han kan difor ikkje halde fram i styret.

Valkomiteen har fått gode tilbakemeldingar på personane som er på val og har difor valt å innstille på gjenvæl der det er mogleg. I tillegg har vi valt å flytte varamedlem Lars Fredrik Stuve opp på fast plass i styret.

Som **nytt varamedlem** innstiller vi **Udaya Sekhar Nagothu**. Nagothu er direktør for Senter for Internasjonal Utvikling ved Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO). Han har koordinert fleire prosjekt i Asia og Afrika om klimaendringar og effekt på landbruk, matsikkerheit og levevilkår. Han har 27 års erfaring som forskar på utviklingsfeltet og delteke i fleire prosjekt støtta av EU, Norad/UD og Forskningsrådet.

Innstilling til nytt styre:

1. *Dag Hareide, styreleiar (ny)*
2. Idunn Myklebust
3. Kjersti Aass
4. Stein Bie
5. Lars Fredrik Stuve
6. Evely G. Hoen (vara)
7. *Udaya Sekhar Nagothu (vara – ny)*

I tillegg kjem tillitsvaldrepresentant og Spire-representant med vara.

Oslo 25.mai 2021

Vegard Bye

Steffen Kallbekken

Hildegunn Gjengedal